



Arkivnr: 2017/2682-116  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		06.09.2018

## Møteplan for fylkeseldrerådet for året 2019

### Samandrag

Vedlagt følgjer forslag til møteplan for året 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland (FYEL). Forslaget er basert på møteplanane som er vedteke i fylkesutvalet den 21.06.18 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet.

Når møteplanen for 2019 skal leggjast, er møtedatoane i fagutvala, fylkesutval og fylkesting eit viktig utgangspunkt. Dette og med tanke på at ein uttale frå medverknadsorgana i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen fagutval-fylkesutval-fylkesting og at ein eventuell innstilling skal vera klar før det skal gjerast politisk vedtak.

Møtedagane fell på torsdagar for fylkeseldrerådet, kva gjeld dei ordinere møta.  
Møta FYEL-AU (Arbeidsutvalsmøtet) fell på ulike vekedagar.

Fylkeseldrerådet i Hordaland skal i 2019 arrangere Vestlandskonferansen for fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland. Vestlandskonferansen er fastsett til den 8.- 9. mai 2019. Det er planlagt eit ekstraordinært møte i samband med Vestlandskonferansen. Dette er fastsett til den 11.04.2019.

Det er elles teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane i Hordaland: 25.02.19-03.03.19  
Påskeferie: 14.04.2019-22.04.2019.  
Nasjonaldag fredag 17.05.2019.  
Kristi Himmelfartsdag 30.05.2019.  
Pinse 09.06.19-10.06.2019.  
Festspela 22.05.2019-05.06.2019.  
Haustferie truleg i veke 41, 07.10.2019-13.10.2019.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda vert innarbeid i budsjett for 2019.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Ingen verknad.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

## **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til møteplan for året 2019 for fylkeseldrerådet sine møter og arbeidsutvalsmøter, slik den ligg føre.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Forslag til møteplan for fylkeseldrerådet for 2019.